

Innkalling

Studieprogramråd for vernepleie

Møtedato: 26.03.2022 kl. 13.00-15.00

Sted: Zoom (digitalt møte)

Deltakere:

Vigdis Reisæter, fagseksjonsleiar
Hege Cathrine Aarlie, programkoordinator
Agnes Merete Fotland, programkoordinator deltid
Ingvild Hollekve, programkoordinator heiltid og deltid gammel studieplan
Ann-Jeanette Sandven, studentrepresentant, deltid kull 18 Sogndal
Solveig Øyehaug Moe, studentrepresentant, 2. klasse campus Sogndal
Mari Svinvik, studentrepresentant, 3.klasse campus Bergen
Beate Kristin Lilleheil, Helse Bergen, eksternt medlem
Silje Haugland, Førstelektor ved Universitetet i Agder, fagfellerepresentant
Ingrid Faaberg, administrativ representant og referent

Forfall:

Siv Aspeseter, eksternt medlem
Lisa Johanne Viola Kallevik, studentrepresentant, deltid kull 2021 Haugesund

Etablering av studieprogramråd og rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning:

[Studieprogramråd](#)

[Studieprogramråd ved FHS](#)

[Kvalitetshandboka](#)

[Utdanningskvalitet ved FHS](#)

[Rammeverk](#)

[Retningslinjer for honorar og lønn til studenter](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/22 Godkjenning av innkalling og saksliste		Innkalling og saksliste skal godkjennes med evt. kommentarer	Fagseksjonsleder	5 min
Referat: Presentasjonsrunde av medlemmer i studieprogramrådet. Godkjent innkalling og saksliste.				
2/22 Studiebarometer <ul style="list-style-type: none">• Resultat		https://www.studiebarometeret.no/no/student/studieprogram/238_bvpl-sogndal/238_verd/238_bvpl-bergen/	Fagseksjonsleder	15 min
Referat: For bachelor i vernepleie er det låg svarprosent på undersøkinga. Den overordna tilfredsheit ligg på 3,9. Målet for neste års undersøking må vere at svarprosenten blir høgare, men det er usikkert korleis ein får studentane til å svare på undersøkinga. Kva tiltak skal vi sette i verk ut frå undersøkinga er ikkje klart endå. Resultatet avviker ikkje så mykje frå resten av utdanningane. Student gir tilbakemelding om at				

dersom slike undersøkinga blir presentert i til dømes klassens time og gitt litt informasjon om undersøkinga så trur ho svarprosenten ville gått opp. Det er mykje informasjon som blir sendt ut, og noko glir forbi merksemda til studentane.

Eksternt medlem kommenterer på eit punktet brukarmedverknad. Dette punktet lågt hjå dei og hjå HVL (2,9). Dette er vanskeleg å vurdere fordi kva som er brukarmedverknad ikkje er definert. Dette kan vere ein grunn for at raten blir låg. Yrkesrelevansen til deltidsutdanninga ligg om lag på same nivå som heiltidsstudentar. Litt interessant at det er likt då ein trur at deltidsstudentar skal kunne kople læringa lettare til arbeidslivet sidan dei ofte er i jobb samstundes som dei utdannar seg. Brukarmedverknad er også mest truleg påverka av covid-19 restriksjonane. Eksternt medlem ser at det ser ut som studentane har vore fornøgde med digital undervisninga. Punktet på tilbakemeldingar ligg også ofte lågt fordi studentane alltid ynskjer meir av det. Programkoordinator trur vi er dårleg å melde tilbake til studentane at vi brukar tilbakemeldingane til å gjere tiltak for neste kull, og at brukarmedverknaden derfor blir mindre synleg. Eit tiltak for å få opp svarprosent er at faglege aktivt ber studentane svare på undersøkinga, men det krev ein del innsats frå fag.

3/22 Årlig sak om praksis

- Avtaler
- Oppfølging og vurdering
- Evaluering og tilbakemeldingar fra praksisfeltet (info fra samarbeidsmøter)

Ingvild/Hege

20
min

Referat:

Fagseksjonsleiar går gjennom kva avtaler har vi og korleis dette arbeidet går føre seg i HVL. Det blir gjort på tre nivå.

1. Rektor og direktør(ar)
2. Kommunenettverk og helseføretak – HVL informerer om kor mange studentar som skal ut i praksis, og det vert laga faste avtaler om kor mange praksisplassar som skal vere tilgjengeleg. Arbeidet med å få på plass avtaler er pågåande. Det skal sikre betre praksisar og god utveksling i praksisfeltet. HVL har enkeltavtaler med alle kommunar som er i området til HVL, Sogn og Fjordane, Hordaland og deler av Rogaland.

3. Operativt nivå – praksisadministrasjonen og emneansvarleg. Det er dette nivået som møter studentane.

Status: Programkoordinator informerer at 2. klasse nett er ferdig med helsefagpraksis. 3 kull har førpraksisseminar denne veka, 1. klasse Sogndal og Bergen, deltid 2. klasse Sogndal og desse studentane skal ha 10 veker praksis framover. Planlegg å gjennomføre nytt praksisemne for 3. klasse til hausten, og dette blir ein ny måte å gjennomføre praksis på for campus Sogndal. Det er mange studentar som skal ha praksis, og studentar opplever at informasjonen om kor dei skal vere kjem for seint. Vanskeleg å få informasjon frå praksisfeltet også.

Haust 3. år praksis – endra på ny studieplan. Forskrifta seier 30 veker klientretta praksis som gjer til at prosjektpraksis må vike for dette. Dette fører også til anna behov for praksisplassar. 1. års praksis – miljøterapeut, 2. års praksis – helsefagleg, 3. års praksis skal gå breiare ut i praksisfeltet. Det er enklare å finne plassar i Bergensområdet, noko som fører til lite reise for studentar ved campus Bergen, medan studentar ved campus Sogndal ofte får lenger reiseveg. Praksisperioden går samstundes med sjukepleiarpraksis, noko som gjer at konkurransen om praksisplassar blir større.

Student lurar på kva felt som er tenkt i neste praksisperiode (3. klasse). Programkoordinator vil komme inn i klassen og orientere, men det er tenkt at denne perioden skal kunne vere breiare felt, til dømes kommune og 2. linjetenesta, privat. Det handlar om kva praksisplassar som vil bli tilgjengeleg.

Student som har hatt TPS-praksis gir tilbakemelding om at opplevde at det var meir føreseieleg om kor dei skulle ha praksis i denne typen praksisperiode, også kva dei skulle jobbe med. Har ein kollega som har studert ved anna institusjon som fekk informasjon om kva plassar som var tilgjengeleg på førehand, og så kunne studentane førebu seg og ynskje seg plassar. Ei slik løysing vil kunne auke brukarmedverknaden for studentane.

Fagseksjonsleiar fortel at det blir ulike praksisplassar frå år til år etter kva som er tilgjengeleg, og det er eit krevjande arbeid. Målet er at dei skal vere klar 3 veker før praksisperioden, det er ikkje alltid at det går. Arbeidar for å forbetre dette arbeidet. Praksis er eit puslespel som er krevjande.

Eksternt medlem fortel at dei berre tek i mot 3. årsstudentar i praksis. Opplever det som positivt dersom studentar har valt deira praksisplass. Haukeland har avtale med HVL om 2 stk 3. årsstudentar. Fleire som slit med å få nok praksisplassar, og det er mange som spør dei om praksisplassar. Viktig at studenten som kjem har valt å komme til dei, og er informert om korleis dei jobbar og er motivert for det.

Programkoordinator understrekar at praksisadministrasjonen jobbar hardt og godt for å få plassere studentar, dei har mykje jobb. Deltidsstudentar er litt annleis fordi dei ynskjer å vere nært der dei bur, over heile landet. Kjem av og til inn i andre institusjonar sitt området, og må syte for at dei ikkje bryt grenser.

Eksternt fagfelle seier at alle desse problemstillingane er kjent for dei også. Godt innspel frå student om at dersom ein veit tidleg kor ein skal slik at ein er førebudd. Dette er gullstandarden som vi kanskje ikkje når, men det er viktig å vite at dette er ettertrakta.

Student fortel om prosessen i Bergen 3. året. Nokre plassar kunne ein søke, og dette var motiverande, og då får ein motiverte studentar på praksisplassar. Er litt opp til studenten.

Fagseksjonsleiar seier at dette er eit kontinuerleg arbeid, mange ledd som skal samarbeide og eit krevjande arbeid. Dette held fram.

Pause

4/22 Gjennomgang /revisjon av studieprogram og emneplaner			Fagseksjonleder	20 min
--	--	--	-----------------	--------

Referat:

Ny studieplan. Fyste gjennomkøyring på 2 studieår. Planlegg det fyste 3. året på ny studieplan. EpN er eit årleg kvalitetsarbeid der alle emne blir revidert. Emne på heiltid og deltid er like, og det vert samarbeida om revisjon på tvers mellom heiltid og deltid, og på tvers av campus. Emneplanarbeidet har handla om å justere emna slik at dei blir betre. Mindre endringar i år. Mykje arbeid med emneplanlegging når ein innførte nye emne i 2020.

Emneplanlegginga opnar i november og det er allereie byrja å sjå på kva ein skal fokusere på neste år som er kunnskapsbasert praksis. Dette bør vere eit av punkta i studieprogramråd hausten 2023.

Programkoordinator fortel at når dei jobba med ny studieplan så vart det bestemt at nokre tema skal vere gjennomgåande i studieplanen. Dette er krevjande i forhold til å få med alle tema i studieplanen. Arbeida med i haust ei oversikt over kor dei ulike tema ligg i emna. Evaluerer dette fortløpande, og det krev at ein held oversikt undervegs.

Fagseksjonsleiar fortel at evalueringar frå studentar blir tatt med i dette arbeidet.

<p>5/22 Aktuelle orienteringssaker fra HVL, FHS utdanning</p> <ul style="list-style-type: none"> • Internasjonalt arbeid. Ut i verda, og Norec 			Hege C. Aarlie	15 min
<p>Referat:</p> <p>Presentasjonane blir lagt ved referatet.</p> <p>Prosjekt 1: Ut i verda! er eit prosjekt som er finansiert av HKdir, der bachelorutdanningane ved IVD søkte om midlar og fekk dei. Studieprogramrådet er referansegruppe til prosjektet og skal komme med innspel. Mål for prosjektet er: meir mobilitet i bachelorutdanningane. Det jobbast med prosjektet med 4 ulike arbeidspakker. Arbeidet er godt i gang, og det er orientert ut om prosjektet. Framover: veke 22 skal delprosjektlearane reise til samarbeidspartar for å bli betre kjent, og skal formidle tilbake til utdanningane om erfaringar. Det er positivt at det er tverrfagleg i instituttet. Viktig prosjekt for å få internasjonalisert utdanningane våre, og for å opne for innreisande studentar også.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Dette blir eit prosjekt som blir spennande for studieprogramrådet å følgje vidare. - Eksternt medlem lurar på om det inkluderer praksisutveksling; det blir ein kombinasjon, nokre reiser ut på teori og nokre reiser ut på praksis. Det er også planlagt å ha samarbeidsprosjekt i ulike emne på tvers av landegrenser, med eit lite utanlandsopphald. <p>Prosjekt 2: Norec utvekslingsprosjekt Norge – Tanzania i samarbeid med Høgskulen i Molde. Feasibility study er gjennomført. Formøte for vidare samarbeid med alle 4 samarbeidspartar der alle presentere kvar sine institusjonar og utdanningar. Mål: betre opplæringsvilkåra for barn med nedsatte funksjonsevner i Norge og Tanzania. Inn og utveksling både studentar og tilsette både ved HVL og frå praksisfeltet. Norec dekkar utgifter reise og opphald for alle partar. Prosjektsøknad skal leverast i april, og er venta svar innan 4 månadar. Utdanninga ynskjer å starte prosjektet i august 2022. Studentane skal kunne reise på utveksling i januar 2023. Det er utarbeida eit valemne VPL305 Perspective on global Citizenship, Critical reflection and Project work in the south (Tanzania) som kan erstatte VPL310 – kritisk tenking og innovasjon, som er knytt opp mot prosjektarbeid.</p>				

6/22 Eventuelt				10 min
<ul style="list-style-type: none">Ingen saker				
Referat:				
Oppsummering av møtet				
Studiebarometer – fag må jobbe med å få opp deltaking				
Emneplanrevisjon – kjem opp att neste møte				
Årleg sak om praksis – arbeid som pågår heile tida for å betre samarbeid				
Internasjonalisering – mykje arbeid som pågår. Studieprogramrådet skal gi innspel, vi prøver å ha eit vedlegg klart ei veke før slik at det blir enklare å gi innspel.				
Takk for møtet.				